

Fra: Midtsian Tanja <tcm@nve.no>
Sendt: 5. august 2014 08:40
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Christian H. Reinshol
Emne: 200701300-354 - Ber om utsatt klagefrist til 05092014 - Etablering massedeponi i Mjåsundet

Svar på spørsmål om utsett klagefrist

NVE forlenger klagefristen for Lindås kommune til mandag 18. august 2014.

NVE syner til brev av 21. juli 2014 frå Lindås kommune, der kommunen bad om forlenging av klagefristen på NVE sitt konsesjonsvedtak av 11. juli 2014 om mellom anna massedeponi ved Mjåsundet i samband med den nye 420 kV-kraftleidningen Mongstad-Kollsnes.

Lindås kommune ber om utsett klagefrist til 5. september grunna ferieavvikling i administrasjonen og politisk handsaming av klagespørsmålet i plan- og miljøutvalet 3. september.

Klagefristen er tre veker frå Lindås kommune fekk underretning om vedtaket. Denne klagefristen kan "i særlige tilfelle" forlengast før den er ute (jf. forvaltningsloven § 29, fjerde ledd). For andre enn privatpersonar vil ikkje ferieavvikling, sykdom eller et ønske om å få fristen utsett til etter eit planlagt møte vere tilstrekkeleg grunn til å få utsett klagefristen.

Dersom NVE meiner at årsaka for utsett klagefrist er et særleg tilfelle, vil vi normalt gje utsett frist i inntil tre veker. NVE forstår at det kan vere kort tid å handsame saka når den vart sendt ut på eit tidspunkt med mykje ferieavvikling, og vil gje Lindås kommune utsett frist til mandag 18. august med å sende inn klage. Etter NVE si vurdering føreligg det ikkje tilstrekkeleg særhøve til at klagefristen kan utsetjast til 5. september, av omsyn til dei andre partane i saka.

Vi gjer merksam på at for å klage innan fristen er det tilstrekkeleg å sende ein kortfatta klage som forklarar kva for vedtak det vert klaga på og kva for endring kommunen ønskjer. Kommunen kan deretter kome tilbake med ei utdjupande grunngjeving for klagen, eller eventuelt trekkje klagen om det vert politisk vedteke. Dersom den utdjupande grunngjevinga ikkje er motteke av NVE innan 5. september, vil vi fullføre vår handsaming av klagesaka på grunnlag av opplysningane vi har.

Vennleg helsing

Tanja Midtsian
senioringeniør

Seksjon for nettkonsesjon - Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 09575 eller direkte: 22959493

E-post: nve@nve.no eller direkte: tcm@nve.no

Web: www.nve.no

